

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: STAVANGER UNIVERSITETSSJUKEHUS, PASIENTHOTELLET
MØTETIDSPUNKT: 10. FEBRUAR 2016 kl. 1130 – 1600

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Terje Vareberg	Styreleiar
Lise Reinertsen	Nestleiar
Tone Berentsen Steinsvåg	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Ohene Aboagye	Medlem
Bente Pilskog	Medlem
Tom Guldhav	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem

FORFALL FRÅ STYRET

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Herlof Nilssen, administrerande direktør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Hilde Christiansen, personal- og organisasjonsdirektør
Baard-Christian Schem, fagdirektør
Per Karlsen, økonomi og finansdirektør
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Bård Humberstet, leiar internrevisjon
Torunn Nilsen, styresekretær

I forkant av styremøtet var det synfaring på Stavanger universitetssjukehus og fellesmøte med styret i Helse Stavanger HF.

Sak 001/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

Forfall:

Det var ikkje meldt om forfall til møtet.

Dokument som var delt ut i møtet:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møtet:

- Tidsplan for styremøtet

- Notat til AD si orientering pkt. 7 – Forslag til program for styreseminar 29. februar – 1. mars
- Notat til AD si orientering pkt. 8 – Helse2030 – Prosjektdirektiv (OPPDATERT)
- Notat til AD si orientering pkt. 9 - Utviklingsprosjekt Odda og Stord sjukehus – Prosjektdirektiv (OPPDATERT)

Til dagsorden:

Styrelen orienterte om at det var to nye punkt på AD si orientering:

- **Utviklingsprosjekt Odda og Stord sjukehus - Prosjektdirektiv**
- **Møteplan for 2016 – flytting av styremøtet i mai**

Eventuelt:

Det ble ikkje meldt saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Sak 002/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 10.12. 2015

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente og underteikna protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 10. desember 2015.

Sak 003/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 22.12. 2015

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente og underteikna protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 22. desember 2015.

Sak 004/16 Administrerende direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. Status for psykiater situasjonen i Helse Fonna HF

Helse Vest har gitt innspel til svar på spørsmål i Stortinget i denne saka.

Samla sett er tilgjengelegheita på psykolog/psykiatrar i Helse Fonna god når ein ser DPS i helseføretaket DPS og avtalespesialistar under eit.

Helse Vest skal ha ein gjennomgang av bruk, behov for avtalespesialistar, fordeling, finansiering, organisering og styring av avtalespesialistane før sommaren 2016. I samsvar med den nye avtalen som ligg til grunn skal alle avtalespesialistar inngå samarbeidsavtaler med det enkelte føretak.

Styret vil få ei sak om dette før sommaren 2016.

5. «Alle møter»

Styret blei oppdatert på arbeidet i «Alle Møter» prosjektet innan områda
Felles prosesser og effektiv drift
Sjølvetente løysingar for innbyggjarar
Gode kommunikasjons-løysingar for medarbeidarar og innbyggjarar
Heilskapleg og tilgjengeleg informasjon

Arbeidet med endringar i tildelingsteknikk vil føre til dramatisk fall i ventetid i løpet av dette året.

Fokus blir endra frå lengde på ventetid til – Kor kort og riktig kan ventetida bli?

6. Regjeringa si tiltakspakke for auka sysselsetting – orientering om fordeling av midlar

Administrasjonen viste til utsendt notat. Styret gav sin tilslutning til fordelinga.

7. Program for styreseminaret 29. februar – 1. mars

Programmet for styreseminaret 29. februar – 1. mars blei gjennomgått og oppdatert. Styret ønskja at nokre av styreseminara framover blei lagt til Bergen.

8. Helse2030 - Prosjektdirektiv

Styret fikk framlagt prosjektdirektiv for Helse2030 arbeidet.

Innspel frå styret til Helse2030 arbeidet:

Helse2030 må vere basert på nye grunnlagsdata om befolkningsutvikling inkl. alderssamansetting, fødselsrate og innvandring.

Til pkt. 10 Helse miljø og sikkerheit: Her må ein også ta med overordna føringar for bærekraftig ytre miljø.

Til pkt. 11 Her må ein hente inn kunnskap om kva som vil karakterisere den teknologiske utviklinga framover.

Nasjonal bemanningsmodell med modifiserande faktorar synleggjer at endring må bli ein del av kvardagen framover.

Strategien må vere bærekraftig uavhengig av organisasjonsmodell.

Når det gjeld prosess for arbeidet og for involvering av interessentar kjem ein tilbake til dette på eit av dei første styremøta.

Styret ønskjer å vere involvert undervegs i prosessen og strategiarbeidet, med invitasjonar til å delta i opne møte og tilbakemelding til styret når det blir diskutert viktige prinsipielle og strategiske tema.

På styresamlinga til hausten 3. -4. oktober ønska styret at alle styremedlemmer i HF-styra blei inviterte og at tema for samlinga blir Helse2030.

9. Utviklingsprosjekt Odda og Stord sjukehus - Prosjektdirektiv

Styret fikk framlagt prosjektdirektiv til prosjektet «Odda og Stord sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019)».

I etterkant av prosjektet tar ein sikte på å sende sluttrapporten på ein høyringsrunde til mellom anna kommunane. Tilrådingane frå prosjektet og innspel frå høyringsrunden vil leggast fram for styret i Helse Fonna HF og deretter for styret i Helse Vest RHF. Sjukehusbygg er i gang med arbeidet med utviklingsplan. Prosessane i Odda og på Stord blir ikkje stoppa for å vente på malverk, og intensjonen er framleis ein rask framdrift og leveranse av sluttrapport frå prosjektet før sommaren.

10.Møteplan for 2016 – flytting av styremøtet i mai

Det er kalla inn til føretaksmøte i Oslo 4. mai kl. 0900 – 1130.

Dette kolliderer med Helse Vest sitt styremøte i Førde same dag.

Det var semje om å flytte styremøtet 4. mai til Oslo i etterkant av føretaksmøtet. Møte 7. september blir flytta til Førde. Oppdatert møteplan blir utsendt til neste styremøte.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 005/16 Rapportering frå verksemda per november/desember 2015

Oppsummering

Ventetidsutviklinga per desember 2015 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 58 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgangen av månaden var 66 dagar.

Prosentdelen fristbrot for behandla var svært låg, med 0,9 % i desember 2015. Når det gjeld korridorpatientar har utviklinga vore positiv fram til oktober 2015, og særleg då innan somatikken. Talet korridorpatientar svinga litt opp att i november, men ser ein utviklinga gjennom det siste året er det gjort eit godt arbeid i helseføretaka. Det samla talet på langtidsventande (1 år+) i regionen held seg framleis på eit lågt nivå. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 83 % innan somatikken og 81 % innan psykisk helsevern i november 2015.

Per desember 2015 var det samla sjukefråværet på 7,0 % og sjukemeldt fråvær på 5,7 %. Per desember 2014 var det samla sjukefråværet på 6,9 % og sjukemeldt fråvær på 5,7 %. Samla sjukemeldt fråvær er 0,1 % høgare for desember 2015 enn for desember 2014. Per desember 2015 hadde 59,62 % av einingane i føretaksgruppa eit totalt sjukefråvær under 5,5 %, og 61,65 % av einingane hadde eit sjukemeldt fråvær under 4,5 %.

For desember 2015 var det 3 214 fast tilsette medarbeidarar som har registrert profilen sin i heiltidsmodulen. Sidan desember 2010 har 5 527 medarbeidarar fått høgare stillingsprosent i Helse Vest. Av desse har 3 517 fleire medarbeidarar fått 100 % stilling og 2 010 har fått høgare stillingsprosent. Ved utgangen av desember 2015 er den korrigererte gjennomsnittlege stillingsprosenten 90,87 %. Det er 0,18 % høgare enn for desember 2014.

Førebels økonomisk resultat per desember blir presentert i styremøte. Det økonomiske resultatet i november er kr 47,2 mill. som er kr 14,1 mill. betre enn budsjettert. Dette gir eit akkumulert resultat på kr 670,5 mill. som er kr 163,1 mill. høgare enn budsjettert. Samla rapporterer føretaka ein resultatprognose som er over budsjett. Samla investeringar per november er på kr 1,491 mrd. Dette utgjer om lag 80,7 % av budsjettert investeringsnivå i 2015. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vera tilfredsstillande.

Medieanalyse for 2015 blei gjennomgått i møtet.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per november og desember 2015 til etterretning.

Sak 006/16 Konsernbudsjett 2016

Oppsummering

Styret i Helse Vest behandla i møtet den 10. desember 2015 sak 114/15 B Inntektsfordeling 2016 og resultatkrav 2016. Det vart fastsett følgjande inntektsramme og resultatkrav for 2016:

Inntektsramme

INNETKTSFORDELING 2016	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	1 742 975	820 569	2 801 330	590 456	-	5 955 331
SUM, basisramme fordelt etter modell	3 499 928	1 883 693	5 250 087	1 610 764	0	12 244 472
Kvalitetsbasert finansiering	27 309	13 411	38 764	17 915		97 400
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	876 721	503 724	1 733 573	414 726	4 285 961	7 814 705
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	3 368	7 299	40 689	19 981		71 337
SUM, inntekt 2015 fordelt frå RHF	6 150 301	3 228 697	9 864 443	2 653 843	4 285 961	26 183 245

Resultatkrav

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2016	80 000	40 000	170 000	7 000	14 000	1 000	0	312 000

Helseføretaka har med basis i inntektsramma 2016 behandla og vedtatt sine budsjett for 2016 i dei respektive styra. Helse Vest RHF legg med basis i desse vedtaka fram sak om konsernbudsjett 2016 samt investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett.

Denne saka vil og ta opp i seg endringar i inntektsramma som følgjer av oppdragsdokumentet frå eigar og som ikkje var innarbeida i sak om inntektsfordeling 2016. I tillegg er det fleire ufordelte postar frå desembersaka som no er føreslått fordelt på helseføretaka.

Oppdatert oversikt over inntektsramme 2016 og RHF budsjett 2016 var vedlagt saka.

Styret ønskja ei orientering om «Kvalitetsbasert finansiering» i eit styremøte før sommaren 2016 - Med oppsett som viser kva data som blir nytta, korleis det blir berekna og kva kvart enkelt helseføretak kan gjere for å få betre resultat.

Vedtak (samrøystes)

1. Inntektsramma for 2016 som blei vedtatt under sak 114/15 B blir justert i tråd med endringane som følgjer av tabellen under (i heile tusen):
- 2.

Endringer i inntektsramma for 2016 (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2016 sak 0114/15 B	6 150 301	3 228 697	9 864 443	2 653 843	4 285 961	26 183 245
Justeringar av inntektsramme frå staten:						
Tilskot til tumusteneste					-144	-144
Tilskot til helse- og rehabiliteringstenester for sjukemelde					-2 113	-2 113
Partikkelterapi					-7	-7
Medisinske kvalitetsregister					6 579	6 579
Transporttilbod for psykisk sjuke					-29	-29
Kvalitetsbasert finansiering					0	0
Forsøksordning tannhelseteneste					5 900	5 900
					0	0
Endringar i inntektsfordelinga til HF-a:						
Arbeidsmedisinsk avdeling			31			31
Kompensasjon for arbeidsgiveravgift				-42		-42
Pilotprosjekt likeverdige tenester (transkulturelt senter)	3 000				-3 000	0
Helse-Atlas				3 081	-3 081	0
Transporttilbod for psykisk sjuke	1 019	1 323	719	1 019	-4 080	0
Fritt behandlingsvalg somatikk	4 247	2 463	5 946	1 590	-14 246	0
Fritt behandlingsvalg psykiatri/rus	12 535	6 322	15 879	3 675	-38 410	0
Syssestettingstiltak - Pumps & pipes	5 000				-5 000	0
Syssestettingstiltak - Vedlikehald	79 700	28 200	65 100	12 200	-185 200	0
Styrking av vurderingseining for rehabiliteringssøknad			500		-500	0
Uttrekk verksemdsoverdraging Bjørkeli			-14 500		14 500	0
Oppdatering av fordelingsmodell KBF	494	228	883	-1 905	300	0
Kompensasjon for feil - KBF				1 905	-1 905	0
Justering av bestilling - Helse Stavanger	-6 312				6 312	0
Mindre korreksjonar i budsjettet					-542	-542
Oppdatering inntektsmodell	23	26	-46	-3		0
Sum endringar	99 705	38 562	74 512	21 520	-224 666	9 633
Oppdatert inntektsramme 2016	6 250 006	3 267 259	9 938 955	2 675 363	4 061 295	26 192 878

3. Justert inntektsramme fordelt pr. helseføretak

INNETKTSFORDELING 2016	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	1 736 663	820 569	2 801 330	590 456	-	5 949 019
SUM, basisramme fordelt etter modell	3 499 928	1 883 693	5 250 087	1 610 764	0	12 244 472
Kvalitetsbasert finansiering	27 826	13 665	39 601	16 008		97 100
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	896 502	512 510	1 741 398	424 976	4 061 295	7 636 681
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	89 087	36 822	106 539	33 158		265 606
SUM, inntekt 2016 fordelt frå RHF	6 250 005	3 267 259	9 938 955	2 675 363	4 061 295	26 192 878

4. Investeringsbudsjettet for 2016 blir fastsett som følgjer:

Samandrag investeringar (Budsjett 2016)

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	TOTAL
Bygg - tilgjengelig ramme	86 330	50 000	458 000	93 500	19 460			707 290
Medisinteknisk utstyr	133 000	30 000	157 000	24 000	6 450			350 450
IKT				2 200		260 000		262 200
Anna	54 000	10 000	112 000	9 600	200			185 800
Investeringar overført frå 2015	190 000							190 000
Sum investeringar 2016	463 330	90 000	727 000	129 300	26 110	260 000	0	1 695 740

Det kan bli aktuelt å justere investeringsbudsjettet i helseføretaka etter at resultatet for 2016 er fastsett. Dette må i så fall skje innfor gjeldande investeringsregime og behandlast av styret i dei respektive føretaka.

5. Administrerande direktør kan foreta nødvendige mindre omdisponeringar av budsjettpostane innfor den totale budsjettamma.

6. Styret ber helseføretaka om å avdekke alle risikoområde for å nå resultatkravet og sørge for at det er sett i verk tiltak med tilstrekkeleg omfang, med god kvalitet og at tiltaka er fordelt ned på lågaste nivå med ansvarleg leiar.

Sak 007/16 Budsjett 2016 for Helse Vest RHF - administrasjonen Konsernbudsjett 2016

Oppsummering

Forslaget til administrasjonsbudsjettet for 2016 blei lagt fram innan den kostnadsramma som blei vedtatt under styresak 114/15 Inntektsfordeling og resultatkrav 2016.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtok budsjett 2016 for administrasjonen til Helse Vest RHF.

Sak 008/16 Oppdragsdokument til Helse Vest RHF 2016

Oppsummering

Tysdag 12. januar 2016 presenterte helse- og omsorgsminister Bent Høie sine styringsbodskap, politiske mål og forventningar til helseregionane. Styringskrav og forventningar blei presentert i føretaksmøte, oppdragsdokument og i statsrådens «sjukehustale».

Styret peika på at rapporteringa til styret og eigar må vere i samsvar med alle gjeldande krav i oppdragsdokument, føretaksmøte og forventningane i statsrådens sjukehustale.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok oppdragsdokumentet for 2016 til etterretning.

Sak 009/16 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 10.12.15

Oppsummering

Torsdag 10. desember 2015 blei det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart gjennomført som telefonmøte. Føretaksmøtet vedtok at dei regionale helseføretaka gjennom Sjukehusbygg HF skal gjennomføre konseptrapport for etablering av protonbehandling i Noreg. Frist for oppdraget vert sett til 1. august 2016.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok protokollen frå føretaksmøtet 10.12.2015 til etterretning.

Sak 010/16 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 16.12.15

Oppsummering

Onsdag 16. desember 2015 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart gjennomført som telefonmøte.

Føretaksmøtet vedtok at driftskredittramma for Helse Vest RHF vert sett ned med 452 mill. kroner frå 1 623 mill. kroner til 1 171 mill. kroner.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok protokollen til etterretning.

Sak 011/16 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 12. 01.16, kl. 09.15 og kl. 13.30**Oppsummering**

Tysdag 12. januar 2016 presenterte helse- og omsorgsminister Bent Høie sine styringsbodskap, politiske mål og forventningar til helseregionane. Styringskrav og forventningar blei presentert i føretaksmøte, oppdragsdokument og statsråden sin «sjukehusstale».

Tysdag 12. januar 2016 vart det halde to felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka i Helse Vest RHF. Det første føretaksmøtet blei halde kl. 09.15 i Helse- og omsorgsdepartementet sitt lokale i Teatergata 9, Oslo, og handla om val av styremedlemmer og fastsetting av styregodtgjering. Det andre føretaksmøtet blei halde kl. 13.30 i Auditoriet i R5, Akersgata 59, Oslo, og handla om krav og rammer for Helse Vest RHF for 2016 og sjukehusutbygging i Helse Stavanger.

Helse Vest har ikkje motteke signerte protokollar frå desse møta, men vel likevel å legge fram usignert versjon for styret. Signert versjon vil bli sendt ut til styret så snart den ligg føre.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret tok protokollen frå føretaksmøtet 12. januar 2016 kl. 09.15 til etterretning.
2. Styret tok protokollen frå føretaksmøtet 12. januar 2016 kl. 13.30 til etterretning.

Sak 012/16 Høyring, forskrift om styringssystem i helse- og omsorgstenesta**Oppsummering**

Helse- og omsorgsdepartementet legg fram forslag om at gjeldande «forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstjenesten» blir erstatta av ny «forskrift om styringssystem i helse- og omsorgstjenesten».

Administrerande direktør er positiv til at den nye forskrifta i større grad fokuserer på kvalitetsforbetring og pasient- og brukarsikkerheit enn gjeldande internkontrollforskrift. Når det gjeld sertifisering, er Helse Vest usikker på om det er eit eigna verkemiddel for å auka kvaliteten på tenestene.

Styret peika på at høyringsuttalar frå Helse Vest skal vere på nynorsk.

Vedtak (samrøystes)

Styret slutta seg til høyringsuttale frå Helse Vest.

Sak 013/16 Prosedyre for avgjerd om og gjennomføring av investeringsprosjekt**Oppsummering**

Gjeldande investeringsprosedyre i Helse Vest blei sist oppdatert i styremøte 14. desember 2006. Helsedirektoratet kom i desember 2011 ut med ny «Veileder for tidligfaseplanlegging i

sykehusprosjekter». Det er denne rettleiaren som ligg til grunn for noverande planlegging av investeringsprosjekt i Helse Vest.

Administrerande direktør legg i denne saka fram oppdatert investeringsprosedyre for godkjenning i styret. Prosedyren bygger på dei føringane og retningslinjer som er skissert i nemnde rettleiar, samt dei føringar som blir gitt frå Helse Vest i samband med investeringsprosjekt. Dette gjeld mellom anna finansiering og økonomisk bereevne, krav til underlag og dokumentasjon samt ansvar, fullmakt og krav om styrebehandling.

Styret reiste spørsmål om formuleringa i Pkt. 6.4, 2. avsnitt i investeringsprosedyren ivaretek intensjonen om stor fleksibilitet i bygg. Styret ba administrasjonen om å sjå på dette og vere tydelegare i formuleringa om kravet til fleksibilitet.

Vedtak (samrøystes)

Styret slutta seg til den framlagte prosedyren for avgjerd om og gjennomføring av investeringsprosjekt, med den endringa som kom fram i møtet.

Sak 014/16 Instruks og fullmakt - lån til felleseigde selskap

Oppsummering

Det er etablert til saman seks nasjonale selskap som skal levere ulike tenester til spesialisthelsetenesta. Selskapa blir finansiert gjennom tilskot frå RHF-a og sal av tenester til helseføretaka. Selskapa har fram til no og fått tilskot frå RHF-a til gjennomføring av investeringar.

Økonomidirektørane i dei fire RHF-a har lagt fram forslag til det nasjonale AD-møtet om finansieringsmodell for investeringar i felleseide selskap. Dette inneber at føretaka primært skal finansiera investeringar av netto kontantstraum frå drift, og at det for større investeringar (fortrinnsvis over 5 mill. kroner, men her må ein utøve skjønn) får muligheit for lån frå dei regionale helseføretaka. I tillegg er det føreslått at ein kan gi kortsiktig likviditetslån i særskilde tilfelle.

Det nasjonale AD-møtet ga i møte den 14.12.15 til slutning følgjande konklusjon:

1. *Dagens praksis hvor investeringer i felleseide selskaper finansieres av tilskudd fra RHF-ene, opphører*
2. *Investeringer i felleseide selskaper finansieres primært av kontantstrømmen fra drift, i tillegg kan større investeringer lånefinansieres*
3. *I særskilte tilfeller kan det ytes likviditetslån*
4. *RHF-ene yter lån i henhold til sin eierandel i de ulike selskapene*
5. *Felles instruks for lån til felleseide nasjonale selskaper godkjennes og legges til grunn for utlån til felleseide nasjonale selskaper*

Forslag til «Instruks for lån til felleseide nasjonale selskap» følgjer vedlagt denne saka.

Det vil i kvart enkelt tilfelle bli inngått avtale om lån mellom Helse Vest og det aktuelle selskapet i tråd med eigarbrøk. Som ein praktisk tilnærming blir det her tilrådd at administrerande direktør i Helse Vest får fullmakt til å inngå slik låneavtale i tråd med instruks for lån til felleseide nasjonale selskap.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret ga sin tilslutning til «Instruks for lån til felleseide nasjonale selskap».
2. Administrerende direktør får fullmakt til å inngå låneavtaler med nasjonale felleseigde selskap i tråd med instruksen.

Sak 015/16 Landsverneplanen Helse - Godkjenning av forvaltningsplan for Førde sentralsjukehus og Psykiatrisk klinikk avdeling Tronvik**Oppsummering**

Styret i Helse Førde har godkjend forvaltningsplanane for dei freda anlegga og bygningane ved Førde sentralsjukehus og ved Tronvik psykiatriske avdeling som er freda av Riksantikvaren i medhald av kulturminnelova. For freda og verna eigedommar er det plikt til å utarbeida forvaltningsplanar. Desse planane trekkjer m.a. opp skiljet mellom kva som er «vanleg vedlikehald», som er tillat innan rammene som forvaltningsplanen trekkjer opp, og kva som ikkje er «vanleg vedlikehald», som krev godkjenning av Riksantikvaren.

For freda eigedommar skal forvaltningsplanane føreleggjast for Riksantikvaren før dei endeleg kan godkjennast og takast i bruk av helseføretaket. Forvaltningsplanane for dei freda anlegga i Helse Førde har vore førelagd for Riksantikvaren. Styret i Helse Vest RHF har i sak 061/12B fastsett at helseføretaka sine forvaltningsplanar for freda og verna eigedommar skal leggjast fram for styret til endeleg godkjenning.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente forvaltningsplanane for freda anlegg ved Førde Sentralsjukehus og psykiatrisk klinikk avdeling Tronvik.

Sak 016/16 Landsverneplanen Helse - Godkjenning av forvaltningsplan for Valen sjukehus**Oppsummering**

Styret i Helse Fonna har fastsett forvaltningsplan for bygningane og Gravlunden ved Valen sjukehus som er freda av Riksantikvaren i medhald av kulturminnelova. For freda og verna eigedommar er det plikt til å utarbeida forvaltningsplanar. Desse planane trekkjer m.a. opp skiljet mellom kva som er «vanleg vedlikehald», som er tillat innan rammene som forvaltningsplanen trekkjer opp, og kva som ikkje er «vanleg vedlikehald», som krev godkjenning av Riksantikvaren.

For freda eigedommar skal forvaltningsplanane føreleggjast for Riksantikvaren før dei kan endeleg godkjennast og takast i bruk av helseføretaket. Forvaltningsplanen for Valen sjukehus har vore førelagd for Riksantikvaren. Styret i Helse Vest RHF har i sak 061/12B fastsett at helseføretaka sine forvaltningsplanar for freda og verna eigedommar skal leggjast fram for styret til endeleg godkjenning.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente forvaltningsplan for freda bygningar, gravlund og verna parkanlegg ved Valen sjukehus.

Sak 017/16 Val av revisjonsutval

Oppsummering

Styret i regionalt helseføretak skal blant sine medlemmer velje minst tre personer til styret sitt revisjonsutval. Revisjonsutvalet blir oppnemnd for 2 år av gangen. Det blir i saka fremma forslag om nytt revisjonsutval. Det blir også fremma forslag om at det i tillegg til utvalets tre faste medlemmer blir oppnemnd eit varamedlem.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret oppnemnde følgjande styremedlemmer som representantar til styret sitt revisjonsutval:
 - Gunnar Berge, leiar
 - Olin Johanne Henden, medlem
 - Lise Karin Strømme, medlem
 - Tone Berntsen Steinsvåg, varamedlem

2. Styret endra instruks for revisjonsutval i Helse Vest pkt. 2.1. som følgjer:

«Styret veljar tre medlemmer og eit varamedlem til revisjonsutvalet frå medlemmene i styret, deriblant leiar av utvalet. Minst ein av medlemmene skal ha kunnskap innan rekneskap eller revisjon.»

Sak 018/16 Innspel til ny plan for internrevisjon

Oppsummering

Hausten 2014 var det eit styreseminar knytt til planlegging av nye internrevisjonsprosjekt for Helse Vest. Revisjonsplanen skal igjen bli revidert og ein legg opp til tilsvarande diskusjon i styret som sist.

Prosjekt i gang:

- Korleis verker systemet for internkontroll og risikostyring blant private leverandørar av TSB-tenester.
- Korleis planlegg helseføretaka for gevinstrealisering i større byggeprosjekt?

Prosjekt i planen (2015-2016):

- Korleis verker systemet for internkontroll og risikostyring blant private leverandørar av helsetenester og innan føretaksgruppa.
- Korleis forvaltar ein tilskotsordningane i det regionale og dei lokale helseføretaka?
- Korleis fungerer internkontrollen rundt oppfølging av regionale planar?
- Korleis gir forskingsaktiviteten i helseføretaka grunnlag for kunnskapsoverføring og kvalitetsforbetring. (Etter årsskiftet 2016/2017)

Innspel frå styret:

- Korleis fungerer brukarrepresentasjon i prosjekt (både forskingsprosjekt og andre prosjekt).
Kartlegging av brukarrepresentasjon i forskingsprosjekt bør inngå i planlagt prosjekt om forskingsaktiviteten i helseføretaka.
- Resultat når nytt innkjøpselskap har vore i drift i om lag eit år.
- Har utviklinga vore rett på dei områda der det i førre internevisjonsrapport blei peika på avvik? Er avvik og gap lukka?

Vedtak (samrøystes)

Styret slutta seg til at dei prosjekta som ligg i gjeldande plan blir vidareførte i den nye rullerte planen, og ba vidare om at internrevisor tar med seg innspela frå styret til utforming av eit endeleg plandokument.

Sak 019/16 Endring av vedtektene for Helse Stavanger HF

Oppsummering

I samband med oppnemning av nye styre i helseføretaka for perioden 2016 – 2018 blir det gjort framlegg om å utvide talet på styremedlemmer i Helse Stavanger frå 10 medlemmer til 11 medlemmer.

Vedtak (samrøystes)

1. Vedtektene til Helse Stavanger HF blir endra i tråd med saksførelegget.
2. Endringane skjer ved at Helse Vest RHF som eigar, gjer vedtak i føretaksmøtet til Helse Stavanger HF.

Sak 020/16 Val av nye styre i underliggjande helseføretak

Oppsummering

Nye styre i helseføretaka i Helse Vest blir oppnemnt i føretaksmøte 10. februar 2016.

Styra i Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF har alle ti medlemmer, der seks er eigaroppnemnde medan fire er valde av og blant dei tilsette. Vedtektene for Helse Stavanger er føreslått endra frå kommande valperiode, jf. styresak 019/16 Styret skal no ha 11 medlemmer der sju er eigaroppnemnde medan fire er valde av og blant dei tilsette. Styret i Sjukehusapoteka Vest HF har ni medlemmer, der tre medlemmer er valde av og blant dei tilsette.

Endeleg oppnemning av nye styre skjer i føretaksmøte i helseføretaka.

Vedtak (samrøystes)

1. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF, Helse Stavanger HF og Sjukehusapoteka Vest HF for val av nye styre.
2. Som representantar til styret i Helse Førde HF blir følgjande personar oppnemnd:
Jorunn Ringstad, styreleiar
Agnes Landstad, nestleiar
Harry Mowatt, styremedlem

Liv Stava, styremedlem
Atle Hamar, styremedlem
Helge Bryne, styremedlem

3. Som representantar til styret i Helse Bergen HF blir følgjande personar oppnemnd:

Svein Ingvar Gjedrem, styreleiar
Signy Midtbø Riisnes, nestleiar
Bjørn Østbø, styremedlem
Anne- Margrethe Bollmann, styremedlem
Mona Haugland Hellesnes, styremedlem
Ivar Eriksen, styremedlem

4. Som representantar til styret i Helse Fonna HF blir følgjande personar oppnemnd: Kjell

Arvid Svendsen, styreleiar
Brian Bjordal, nestleiar
Gunnar Birkeland, styremedlem
Liv Karin Eskeland, styremedlem
Solfrid Borge, styremedlem
Hilde Christiansen, styremedlem

5. Som representantar til styret i Helse Stavanger HF blir følgjande personar oppnemnd:

Stener Kvinnsland, styreleiar
Grethe Høiland, nestleiar
Aslaug Mikkelsen, styremedlem
Jan Friestad, styremedlem
John Peter Hernes, styremedlem
Unn Therese Omdal, styremedlem
Ivar Eriksen, styremedlem

6. Som representantar til styret i Sjukehusapoteka Vest HF blir følgjande personar oppnemnd:

Maria Borch Helsengreen, styreleiar
Olav Klausen, nestleiar
Jon Bolstad, styremedlem
Anne Sissel Faugstad, styremedlem
Inger Cathrine Bryne, styremedlem
Per Karlsen, styremedlem

Sak 021/16 Internrevisjonsrapport om korridorpatientar i Helse Stavanger

Oppsummering

Formålet med prosjektet har vore å undersøke i korleis Helse Stavanger arbeider med å fjerne korridorpatientar i føretaket.

Internrevisjonen sin hovudkonklusjon er at Helse Stavanger har arbeidd systematisk med oppfølging av det vedtak som Helse Vest gjorde i 2014 om å få slutt på korridorpatientar i helseføretaka. Føretaket har oppnådd svært gode resultat gjennom 2015 og synest å vere i posisjon til endeleg å lukkast. Internrevisjonen har ingen særlege tilrådingar til helseføretaket.

Revisjonsutvalet behandla denne rapporten i møte 22.12.2015. Det ligg ikkje føre godkjend protokoll frå møtet, men essensen er at rapporten blei tatt til orientering og at utvalet såg utviklinga inn i 2016 med spenning.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapport frå internrevisjon av arbeidet med korridorpatientar i Helse Stavanger til orientering.

Sak 022/16 Riksrevisjonen sin kontroll med forvaltninga av statlege selskap for 2014

Oppsummering

Riksrevisjonen overleverte den 17. november 2015 sin rapport om kontroll med forvaltninga av statlege selskap for 2014. Riksrevisjonen har på fleire punkt funne grunnlag for merknader til statsrådets forvaltning av statens interesser under Helse- og omsorgsdepartementet. I forhold til Helse – og omsorgsdepartementet og dei regionale helseføretaka er det gitt merknadar på følgjande område:

- Dei regionale helseføretaka si forvaltning av ordninga med private lege- og psykologspesialistar
- Helseføretaka si ivaretaking av informasjonstryggleik i medisinsk-teknisk utstyr
- Helseføretaka si aktivitetsutvikling innan dag- og døgnkirurgisk pasientbehandling

Føretaksmøte har lagt til grunn at dei forhold som blir omtala i Dokument 3:2 blir følgd opp, og det er naturleg at Riksrevisjonen sine funn og tilrådingar blir nytta i forbetningsarbeid i helseføretaka.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 023/16 Resultat frå innkjøpsarbeidet

Oppsummering

Denne saka gjer greie for dei resultatane som er oppnådd innan innkjøpsområdet i Helse Vest i perioden frå helsereforma starta i 2002 til og med 2015. Samordning av innkjøp har i denne perioden gitt innsparingar på ca. 660 millionar kroner gjennom betre prisar og vilkår i marknaden. Saka gjer også greie for meir indirekte gevinstar – mellom anna arbeidet ein starta i 2006/7 med digitalisering av innkjøpstenesta (ehandling), kategoristyring av innkjøpsområdet (2010), med miljø- og samfunnsansvar og med nye løysingar for innovasjon og innovative anskaffingar.

For å styrke innkjøpsarbeidet i Helse Vest organisatorisk og prosessuelt, blei innkjøpsfunksjonen i regionen skilt ut i eit eige føretak i 2015, Helse Vest Innkjøp HF (jf. styresak 2015/1486).

Det er vidare etablert eit prosjekt (LIBRA) som mellom anna skal anskaffe nye økonomi- og innkjøpsløysingar (IKT) i regionen. Dette vil bidra til at ein kan hente endå fleire gevinstar innan innkjøpsområdet i tida som kjem.

Styret ønskjer å følgje det vidare arbeidet i Helse Vest Innkjøp tett, og forventar tett oppfølging og tiltak for å lukke dei avvika som blei peika på i internrevisjonsrapporten om innkjøp (Sak 087/15).

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 024/16 Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 14.10.2015

Oppsummering

Revisjonsutvalet i Helse Vest RHF hadde møte 14. oktober 2015.

Styret blir orientert om revisjonsutvalet sitt fortløpande arbeid gjennom protokollane. Denne protokollen vart godkjent av utvalet 22. desember 2015.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok protokollen frå møte i revisjonsutvalet 14.10.2015 til orientering.

Sak 124/15 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

Skriv og meldingar

Skriv og meldingar som var sendt ut til styret:

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 060116 - Rapportering pr. november 2015
- Brev frå Statsråden til Helse Vest RHF, dagsett 181215 - Meld. St. 11. (2015-2016) Nasjonal helse- og sykehusplan (2016-2019)
- Brev frå Helse Vest RHF til Statsråden, dagsett 070116 - Svar på Spørsmål - Meld. St. 11. (2015-2016) Nasjonal helse- og sykehusplan (2016-2019)
- Brev frå Statsråden til Helse- og omsorgskomiteen, dagsett 120116 - Meld. St. 11. (2015-2016) Nasjonal helse- og sykehusplan (2016-2019)
- Kopi av brev frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland til HOD, dagsett 170116 - Vedkjem høyring Nasjonal helse- og sykehusplan
- Brev frå Kvinnsland-utvalget til Helse Vest RHF, dagsett 0701016 - Invitasjon til å gi skriftlig innspill til Kvinnsland-utvalget

Kommentar frå styret:

Styret diskuterte tidspunkt for eventuelle innspel til Kvinnslandutvalet og vurderte på det noverande tidspunkt at innspela som var gitt i notat frå Helse Vest og i møta med styreleiarar og administrerande direktør i RHF-a var tilstrekkeleg.

Styret vil komme tilbake til uttale frå Helse Vest i høyringsprosessen.

- Notat frå Helse Vest RHF til Kvinnslandsutvalget, dagsett 070116 - Svar på invitasjon til å gi skriftlig innspel
- Brev frå Gulen kommune til Helse Vest RHF, dagsett 180116 - Manglande overføring frå Helse Førde til Helse Bergen

Kommentar frå styret:

Styret presiserte at dei ønskjer ein rask avklaring i denne saka, og ba administrasjonen om å konkludere raskt, sørge for gjennomføring og informere styret.

Styret sitt kvarter

Administrasjonen deltok ikkje på styret sitt kvarter.

Torunn Nilsen

10.02. 2016

Terje Vareberg	Styreleiar
----------------	------------

Lise Reinertsen	Nestleiar
-----------------	-----------

Ohene Aboagye	Medlem
---------------	--------

Gunnar Berge	Medlem
--------------	--------

Tone Berentsen Steinsvåg	Medlem
--------------------------	--------

Olin Johanne Henden	Medlem
---------------------	--------

Bente Sissel Pilskog	Medlem
----------------------	--------

Lise Karin Strømme	Medlem
--------------------	--------

Tom Guldhav	Medlem
-------------	--------